



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Vidar Simmenes, 5557 2118

Vår dato
26.03.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2012/1560 350 Tilsyn
2013/14423 ROS
Dykkar referanse

Meland kommune
5918 FREKHAUG

Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 18.06.2012 og heilskapleg ROS-analyse

Fylkesmannen viser innleiingsvis til kommunen si tilbakemelding av 22.10.2012 vedkommande oppfølging av dei to merknadane etter tilsynet.

Når det gjeld merknad nr. 1 som omhandla oppdatering av overordna sektorovergripande ROS-analyse, har vi merkt oss at den siste av dei to merknadane no er følgd med kommunestyret sitt vedtak i sak 9 den 19.02.2014.

Kommunen har elles i fleire oversendingar halde Fylkesmannen oppdatert om prosjektplanen og framdrifta for arbeidet med revisjon av den heilskaplege ROS-analysen. Som ein del av denne prosessen har også kommunestyret vedteke oppdaterte akseptkriteria til bruk i ROS-samanhang.

Fylkesmannen har vidare merkt seg at kommunen har hatt ein grundig og systematisk prosess i ROS-prosjektet, m.a. med arbeidsgrupper der ein har involvert relevante aktørar i tillegg til at ROS-analysen er politisk handsama av formannskap og kommunestyre. Dokumentet gjev såleis eit godt grunnlag for framtidige revisjonar av den heilskaplege ROS-analysen slik forskrift om kommunal beredskapsplikt krev.

Kommunen har også erkjent at ROS-analysen er grunnlag for oppdatering og utvikling av tiltakskort og handlingsplanar, m.a. kommunen sin overordna krise- og beredskapsplan så vel som sektorplanverk. Vidare ser kommunen at ROS-analysen og er viktig for samarbeidet med nabokommunar og andre instansar på beredskapsområdet.

Fylkesmannen reknar med dette tilsynet i 2012 som avslutta i samsvar med avtalte tidsfristar.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
fylkesberedskapssjef

Vidar Simmenes
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.